

**Fra:** Lars Joon Flydal [larsjoonflydal@gmail.com]  
**Sendt:** 27. januar 2015 12:23  
**Til:** Postmottak KLD  
**Emne:** Prosessen rundt klimalov framover

Hei,

Eg er medlem i politisk utval for klima og miljø i Changemaker. Vi driv og utarbeider ein politisk kampanje om klima som skal haldast neste kalenderår (haust 2015 til vår 2016). Vi har som regel eitt hovudtema og fleire underkrav som vi vil fronte ovanfor politikarane. Eit av dei krava vi ser på no er klimalov.

Eg fulgte høyringsmøte den 12 januar, og fekk med meg at frist for å sende inn innspel og synspunkter var 30 januar. Det vart ikkje sagt noko særleg rundt prosessen vidare.

Vi i klimautvalet i Changemaker lurar på om vi kan få vite noko meir om prosessen vidare ifht klimalov. Kva vert stega framover, og når vil den politiske leiinga ta ein avgjerdsle ifht klimalov? Korleis kan sivilsamfunnet delta i denne prosessen?

På førehand takk.

Mvh  
Lars Joon Flydal